

---

# Notat

---

**Til:** Formannskapet 10. februar 2021

**Frå:** Rådmannen

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
	21/483-1	1764/21	25.01.2021

---

## Spørsmål frå folkevalde

I samsvar med Sogndal kommune sin verdi «open», ønskjer rådmannen både å systematisere innmelding og utsvaring av spørsmål frå folkevalde og å gjere desse tilgjengelege for publikum på kommunen si heimeside.

Spørsmål frå folkevalde er regulert i Reglement for politisk organisering Sogndal kommune (sak 6/19 i kommunestyre) punkt 7.14, 7.16 og ev 7.18. Det har vore noko ulikt korleis spørsmål frå folkevalde har vorte handtert i utvala og rådmannen ser behov for å gjere dette meir einsretta. Samstundes er det behov for å gjere spørsmål og svar tilgjengelege for ålmenta. Administrasjonen har difor vore i kontakt med leverandøren av Sogndal kommune si heimeside og har motteke eit tilbod frå dei som kan løyse vårt behov.

I grove trekk inneber løysinga at folkevalde loggar inn gjennom ID-porten, skriv inn spørsmålet, spørsmåla vert automatisk overført til kommunen sitt sak og arkivsystem og det går ei oppgåve til rette sakshandsamar/kommunalsjef. Når spørsmålet er svara ut, vil både spørsmål og svar verte tilgjengeleg på kommunen si heimeside i ei samla oversikt. Me ynskjer at informasjonen på sida kan t.d. sorterast etter år og at tekst i spørsmåla vert søkbar. Dette fører til at spørsmål og svar vert tilgjengeleg for alle. Anna positiv effekt er at prosessen i større grad vert automatisert og at alle utval vert handsama likt.

Rådmannen ønskjer innspel frå formannskapet på om ein skal gå vidare med denne løysinga. Dette føreset truleg at punkt 7.14, 7.16 og 7.18 i politisk reglement vert revidert. Rådmannen tilrår at dette ev vert handtert av arbeidsgruppe som alt jobbar med dette reglementet jf. vedtak i kommunestyresak 106/2020 - 10. desember i 2020.